

Sel hjorteløve

■ **GULEN:** Gulen kommune har i år for sal fire kommunale hjorteløve. Desse gjeld Rørtveit og Prestegarden. Interesserte kan melde sine ønske til kommunen via e-post. Dei med bustadadresse i Gulen går føre, og det vert gjennomført loddtrekking.



Svanøe på Amfisenteret

■ **FLORØ:** I samband med byjubileet har Flora kunstlag gjennom sommaren presentert ulike kunstnarar med opphav i Flora, både saman og kvar for seg. Neste mann ut med separatutstilling er Bjarne Svanøe. Ei utstilling med nokre av verka hans opnar laurdag 7. august klokka 13.

Løve til å lande

■ **SOLUND:** Norges geologiske undersøkingar har fått landingsløyve for gravimetrisk målingar ein del stader i Solund kommune i haust. Dette gjeld målingar som inngår i eit nasjonalt kartleggingsprosjekt for å lage berggrunnsgeologiske kart.



■ Skipsparade opna Fjordste



«Dar kjem dampen, gamle

FLORØ: – Det er nesten så eg må felle ei tåre! sa pensjonisten Kåre Haugland, då D/S «Oster» klappa til kai i Florø og bles muntert i fløyta mens dampen stod til vers.

Og Haugland var langt frå den einaste som kjende hjartet banke litt ekstra i brystet ved synet av dei mange båtane som seig inn Florøvika på rad og rekkje for å delta i veteranskipsstemnet Fjordsteam 2010.

I spissen for flotiljen kom D/S «Stavenes», som rett nok framleis må slepast, men som vete-

ranbåtentusiastane snart vil ha atterreist i all si kolfyrte prakt, og deretter kom dei sigande for sakte fart, ein og ein, omgjevne av ei mengd småbåtar som var ute og tok imot veteranskipa.

Majestetisk

Der kom fjordbåtar, passasjerbåtar, frakdebåtar, fiskebåtar, red-

ningskøyter, slepebåtar, brannbåtar og seglskuter, og alle fann seg ein plass ved kaiene, der det stod hordar av skodelystne for å få med seg det majestetiske synet av dei flotte båtane. Fleire båtar har det neppe vore samla på Florøvika sidan dei store sildefiskeåra på femtitalet.

– Flottaste lyden i verda, kon-

staterte ein av tilskodarane, medan eit av dei gamle skipa helsa med fløyta.

– Alle vi som bur her langs kysten og har levd ei stund, har eit tilhøve til ein eller fleire av desse båtane, og å sjå dei samla på denne måten er ingenting mindre enn fantastisk, sa ein annan kar som stod og speida

Stenging av Hornesvegen

■ **FØRDE:** I samband med VA-sanering på Hundvebakke vil Hornesvegen bli stengd for gjennomkjøring mellom avkjøringa til Kletten og avkjøringa til Hundvebakke i perioden tysdag 10. august til og med veke 35. Vegen vil vere open for gåande, med nokre restriksjonar eller omleggingar. Det skriv Førde kommune på sine nettsider. Gangvegen frå krysset ved Hornesvegen 17 forbi fotballbana og blokkene på Haugum vil bli opna for alminnelig ferdsel. Bybussen og skulebussen vil gå som vanleg i stengingsperioden.



Sp-Olsen går ut av bilbransjen

■ **FØRDE:** Senterpartiets generalsekretær og mangeåring fylkesleiar i Sogn og Fjordane, Knut Magnus Olsen (biletet), har gitt seg som styreleiar for fylkets største bilforretning, Berge & Co AS. Olsen (56) har vore styreleiar sidan 2001, og han har også ei fortid i bilbransjen før han kom til Jølster og vart bonde. Øyvind Rømyhr Lund (54) frå Oslo vert ny styreleiar. Han har vore styremedlem i ei årrekke. Styremedlemmer er dagleg leiar Øyvind Walle Berge, Hans Jørgen Sælen og Stian Sølvsberg, sistnemnde representant for dei tilsette.



am 2010



INNSEGLING: Skipsparaden inn til Florø var eit mektig syn. Det er lenge sidan det har vore så mange båtar innom Florø hamn på ein gong. Trond Strømgren (lengst til høgre) presenterte båtane etter kvart som dei passerte Fugleskjærskai. «Oster» gav frå seg eit langt støyt i skipsfløyta. Hamnesjef Audun Korneliusen hadde sytt for plass til alle båtane og tok sjølv imot tampen frå brannbåten «Nøkk».

dampen»

etter ein båt han hadde eit spesielt tilhøve til, nemleg «Granvin».

Fløytekonsert

Det tok ei stund for den kom, men ventetida fall neppe lang. For dei som likar veteranbåtar, er ikkje spesielt selektive: Hjartet bankar så å seie like

sterkt for dei alle saman.

Ankomsten til Florø, der historikar og forfattar Trond Strømgren presenterte kvar ein skild båt etter som dei passerte Fugleskjærskai, var ein flott introduksjon til den nostalgiske båttfesten i Florø.

Og etter at den offisielle opninga av Fjordsteam var

gjort, helste skipa vertsbyen med ein lyd litt utanom det vanlege no til dags: Ein samstemt blåsekonsert for skipsfløyter.

KNUT MAGNUSSEN tekst og foto



20-50%

Vi rydder plass for høstens nyheter og har salg på utvalgte utstillingsmodeller og hagemøbler

ATLE NAUSTDAL

Slettvoll shop-in-shop: Atle Naustdal, Naustdalsvegen 5, 57 82 13 76
Åpent: 09.30-17.00, tor 09.30-18.00, lør 10.00-15.00 www.slettvoll.no